



Pressefoto: Thomas Haugersveen.

**(Oppdatert)Leiar i Uskedal Utvikling, Kristian Bringedal, fekk i går positiv tilbakemelding på invitasjonen om Uskedalsbesøk som han sende til statsminister Erna Solberg. Det er no klart at statsministeren kjem til Uskedalen torsdag 23.juni. Programmet er ikkje heilt i boks, men hovudposten vert at statsminister Solberg avsluttar besøket med å delta på det tradisjonsrike jonsokarrangementet som folk øvst i dalen har ved Fjellandsbøvatnet.**

Kristian Bringedal fortel at han byrja å arbeida med invitasjonen like etter at Erna Solberg valde eit fotomotiv frå Fjellandsbø til sitt julekort i 2015. Han fortel vidare at han har lagt grundig arbeid i invitasjonen, og i det arbeidet er han svært takksam for hjelpa han har fått frå ordførar Peder Sjo Slettebø. Ordføraren vert med i følget når statsministeren besøker Uskedalen. Det vert også stortingsrepresentant og leiar i Hordaland Høgre, Peter Christian Frølich. Han er ein ekte Kvinnheradsvenn og gifta seg i Kvinnherad kyrkje i 2013. Kristian Bringedal seier at han også håpar at julekortfotografen Inga Tveito vert med i følget, men det har han ikkje fått tid til å avklara enno.

Programmet er ikkje klart i detalj , men Bringedal håpar å få til ein piknik til Fjellandsbøgardane der Roy Lervåg og Smakifrå serverer lokalmat i forkant av jonsokbålteninga. Denne delen vert berre for det offisielle følget . Bålteninga vert på den vanlege plassen ved den nye gapahuken nede ved vatnet, og det vert tent kl.19.30.

Tore Mathiesen har fått i oppdrag å vera seremonimeister under denne delen av arrangementet. Statsministeren vert ein time ved bålet før ho reiser vidare til feriering på Varaldsøy. Bringedal håpar å få til at transporten opp og ned dalen skal skje i nokre av Einar Gjertsen sine veteranbilar.

Erna Solberg har sagt at ho kan tenkja seg å leggja inn to programpostar til når ho først er i Uskedalen og Kvinnherad. Det kan vera firmabesøk, besøk på kulturinstitusjonar eller anna som kan vera av interesse. Dersom det ikkje kjem framlegg på noko i Uskedalen, kan det også vera i andre bygder. Dette vil skje tidlegare på dagen, før piknik til Fjellandsbø. Kristian Bringedal seier at han vil vera svært takksam for gode innspel. Det er berre å kontakta han på mobil 915 31 487 eller e-post [kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no](mailto:kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no).

– Det er flott om eg kan få innspel, for eg må jobba på spreng dei næraste dagane for å få programmet klart. Det er også kjekt om nokon har framlegg til små, kjekke ting som kan gjera statsministerbesøket ekstra minneverdig, seier Bringedal. I tillegg til at han kjem til å delta for UU saman med Gunn Mari Moberg, vert han også kommunen sin representant saman ordførar Peder Sjø Slettebø. Det vert siste representasjonsoppgåva for kommunen før han vert pensjonist, og såleis eit verdig punktum for ein markant kultursjef.

Det er ikkje tvil om at dette vil setja ein ekstra spiss på jonsokfeiringa ved Fjellandsbøvatnet.

– Det har vore mykje folk, og bålet har lyst godt opp før om åra, men dette vert noko ekstra, seier Tore Mathiesen og verkar til å ta oppgåva med stor ro.

– Blir det regn kjem det jammen godt med at Sigmund har bygt den store gapahuken, legg han til.

***Dessverre var nok dette forsøk på ein aprilspøk, men sjølv om det kanskje ikkje vert jonsokkveld ved Fjellandsbøvatnet, trur eg nok statsministeren har fått tokke av kor vakker denne perla øvst i dalen er. Dermed kan aprilspøken fort verta røyndom.***

***Erna ville nok ha stor glede av å oppleve julekortmotivområdet, og for underteikna ville det vera stort å få skriva om dette til våre kjære lesarar.***

***Plutseleg er statministeren på Fjellandsbø, kanskje?***

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.